

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for

Nesfjellet, Seljord

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
oktober 2025

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Hjemmelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen	5
2.3	Forvaltningsmyndighet	6
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.2	Avgrensing.....	6
3.3	Verneforskriften	6
4.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	7
4.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
4.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
4.3	Avveging skogvern – skogbruk.....	8
4.4.	Forvaltningsmynde.....	8
5.	Skildring av området med merknader	8
1.	Nesfjellet, Seljord kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Nesfjellet naturreservat i medhold av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er et nytt naturreservat.

Statsforvalteren sendte først ut oppstartsmelding for Bjønneholun i oktober 2021. Høring for dette området ble gjennomført i januar 2022. Oppstart på Nesfjellet omfattet også deler av arealet i Bjønneholun og ble sendt ut i desember 2023. Høring ble gjennomført i oktober 2024.

Tilrådingen omfatter 944 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 921 dekar, og av dette er 876 dekar produktiv skog. Areal er sendt frå AT Skog og er oppgitt i UTM sone 33.

Området som foreslås vernet er:

1. Nesfjellet i Seljord kommune, Telemark fylke

1.1 Hjemmelsgrunnlag

Området foreslås vernet i medhold av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området foreslås vernet som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette et naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet enten inneholder truet, sjelden eller sårbar natur, representerer en bestemt naturtype, på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst eller har særskilt naturvitenskaplig verdi.

Naturreservatene skal bidra til bevaringsmålene i naturmangfoldloven § 33, blant annet bokstavene *a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap), b (arter og genetisk mangfold), c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdene skal bidra til å oppfylle flere nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua arter og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtyper skal betras.*

Opprettelse av verneområdet bidrar til å nå internasjonale mål og forpliktelser, bl.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfold artikkel 8 om et sammenhengende verneområdenettverk, jf. også naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne disse naturområdene mot ulike typer inngrep, gir verneområdene også et positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfold, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtatt av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Dei foreslåtte verneområda inkluderer viktige naturtypar og trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Dei foreslåtte verneområda

har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for områda knytt til gammal lavlandsgranskog på høg bonitet i sørboreal sone som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

- Brynjulvsrud, J. G. 2020. Naturverdier for lokalitet Bjønneholun, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2019. NaRIN faktaark. BioFokus.
- Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Nestjønn, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslåtte verna er hogst, ulike typar utbyggingar, vegbygging, hyttebygging og vindkraft. Vern av dei foreslåtte områda skal gjennom føresegnar om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegnar om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypeane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i områda.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypeane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtalen av kvart enkelt verneområde i kapittel 6.

Dersom områda ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar innanfor området.

Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor området.

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor området.

Traktorveg

Det går ein traktorveg inn i området sør for Bergtjønn.

Jakt, fiske og friluftsliv

Det blir jakta på vilt i verneforslaget, mens fiske i Nestjønn og friluftsliv er truleg lite aktuelt i området på grunn av utfordrande terreng å bevege seg i.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Seljord kommune sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Bjønneholun	4. juli 2019	29.10.2021	27.01.2022
Nesfjellet*	28.04.2020	13.12.2023	25.10.2024

*) Høyringa på Nesfjellet omfatta og areal knytt til Bjønneholun.

Tilboda om frivillig vern kom inn via AT Skog på vegne av tilbyder.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.2 Avgrensing

Det er gjennomført endringar i avgrensing for Bjønneholun etter høyring. Det er og gjort endring på avgrensing for Nesfjellet ved at vernegrensa er heva noko langs vatnet Nestjønn etter innspel frå tilbyder.

3.3 Verneforskriften

Det er gjennomført visse endringar i verneføresegnene etter høyringa for å tilpasse forskrifta etter ny mal frå Miljødirektoratet som blei gjort gjeldande på nyåret 2025. I høyringa lød føremålet slik:

§ 1 Formål

Vi føreslår å endre føremålet som i høyringa var formulert slik:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av gammal granskog, gammal boreal lauvskog og sørboreal blandingsskog i låglandet. Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av ei rekke sjeldne og truga artar av karplanter, lav, moser og sopp, og rik førekomst av død ved med høy kontinuitet. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Etter endringa foreslår følgjande føremål som vil vere i tråd med ny forskriftsmal:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av sjeldne og trua artar av karplanter, lav, mosar og sopp*
- b) representerer ein bestemd type natur i form av gammal granskog, gammal boreal lauvskog og sørboreal blandingsskog i låglandet*
- c) har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av rik førekomst av daud ved*

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 3. (vernereglar)

§ 4 i om bålbrekking er flytta til § 3 bokstav e.

§ 4 (generelle unntak frå vernereglane)

I bokstav d har vi tatt ut ordet «sti» da denne ligg utanfor verneforslaget.

Det er flytta på fleire føresegnar for å få same rekkefølge som i malen.

§ 5 (regulering av ferdsel)

I bokstav a er ordlyden endra frå følgjande:

Motorisert ferdsel på land [og i vatn] er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.

Ny formulering er følgjande:

Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.

I bokstav b har vi teke ut «eksisterande stiar» da dei ligg utanfor verneforslaget.

§ 6 (generelle unntak frå reglane om ferdsel) bokstav b har vi høyrte på tilføyinga [og med traktor og ATV på traktorveg vist i vernekartet] og har teke det med vidare.

§ 7 (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Under høyringa hadde vi med eit føresegn om merking og rydding av nye stiar og har difor valt å vidareføre denne.

i bokstav g er ordlyden «hogst av etablerte plantefelt» endra til følgjande tekst:

«uttak og ringbarking av utanlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt sprenging frå desse»

Under høyringa hadde vi i § 7 unntak for motorferdsel for beiting og utsetting av saltstein (§ 4 bokstav d og g). Det er nå endra til § 4 bokstav d (vedlikehald av eksisterande traktorveg..) og f (utsetting av saltstein). Vi har og endra på rekkefølga til føresegnar i § 7 som skal kunne gis dispensasjon for naudsynt motorferdsle: bokstav a, b, e og g.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan

verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaga vil også sikre viktige område for friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. Statsforvaltaren vurderer at det er lite aktuelt med både skjøtsels- og restaureringstiltak i Nesfjellet.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

4.4. Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa spurt om Seljord kommune ynksjer å overta som forvaltningsmynde. Kommunen har ikkje svart på det i høyringa.

5. Skildring av området med merknader

1. Nesfjellet, Seljord kommune

Totalareal 944 dekar.

Skogareal totalt 921 dekar.

Produktiv skog 876 dekar.

Areal er oversendt frå AT Skog og oppgitt i UTM sone 33.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- d) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av sjeldne og trua artar av karplanter, lav, mosar og sopp
- e) representerer ein bestemd type natur i form av gammal granskog, gammal boreal lauvskog og sørboreal blandingsskog i låglandet
- f) har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av rik førekomst av daud ved

Verneforslaget omfattar to tilbodsområde som er kartlagt kvar for seg. Difor har vi valt å skildre dei kvar for seg i det etterfølgjande. Raudlistestatusen er frå Raudliste av 2015. Tabell 1 under viser derimot raudlistestatus av 2021.

Bjønneholun

Tilbodsområdet Bjønneholun blei kartlagt hausten 2019. Det er eit begrensa areal av tilbodsområdet som er inkludert i det som no blir kalla Nesfjellet. Området ligg i sørboreal sone i låglandet. Innanfor Bjønneholun blei det avgrensa tre kjerneområde. To av desse, kjerneområde 1 og 2 i rapporten frå Biofokus er teke inn i verneforslaget. Kjerneområde 1 er gammalt ospeholt (naturtype: gammal boreal lauvskog) er vurdert som «svært viktig» (A-verdi). Kjerneområde 2 er gammal lavlandsgranskog som er vurdert som «viktig» (B-verdi). Teksten nedanfor er henta frå kartleggingsrapporten, som er skriva på bokmål. Vi har difor ikkje oversett den teksten til nynorsk.

Store deler av området innanfor avgrenset areal består av eldre og gammel granskog med en viss kontinuitet, og dette gjenspeiles med relativt hyppige forekomster av noe kontinuitetskreven- de arter som gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), spikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT) og rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT). I tillegg vart svartsonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT) og rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT) og rimnål *Chaenothecopsis viridalba* (NT) registrert i granskog. Blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble notert på furu og ospehvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) ble notert på osp. Andre signalarter for kontinuitet i skog som granrustkjuke *Phellinidium ferrugineofuscum* og furustokkjuke *Phellinus pini* ble også notert. Videre sier rapporten at det er et videre potensial for krevende arter knyttet til strukturelementer i gammel skog.

I grandominerte partier er det på det jevne en god del forekomster med død ved av gran, men ferskt virke dominerer med unntak av visse partier med forholdsvis bred spredning i nedbrytningsstadier. Skogen har antagelig vært sterkt påvirket av tidligere tiders bruk, og mye vitner om et brudd i kontinuiteten av strukturelementer. Avgrenset areal er imidlertid lite preget av inngrep i nyere tid.

Området Bjønneholun oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 30 daa gammel granskog i sørboreal sone som har middels udekket vernebehov i fylket. Området oppnår middels mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 25 daa lavlandsskog og biologisk gammel skog, og oppnår samlet middels mangeloppfylling.

Området Bjønneholun, det vil seie heile tilbodsområdet, blei vurdert til å vere i øvre sjiktet av lokalt viktig (*).

Nesfjellet

Tilbodsområdet Nestjønn (seinare endra til Nesfjellet) vart kartlagt i 2020 og ligg i sørboreal sone i låglandet. Det er avgrenset tre kjerneområder innanfor området, som inkluderer naturtypeutformingene gammel lavlandsgranskog, gammelt ospeholt og sørboreal blandingsskog. To av disse har blitt vurdert som «viktig» (B-verdi), mens ett område har blitt vurdert som «svært viktig» (A-verdi).

Under kartlegginga blei det beskrive 9 raudlista artar. De fleste påviste artene er knyttet til skog med en viss kontinuitet. Foruten ask (VU) er hårkjuke *Funalia trogii* (VU) og ospehvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) påvist på osp, og rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT) og gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) er vanlig forekommende på gran. I tillegg ble grønnsko *Buxbaumia viridis* (NT) og spikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT) påvist flere steder, blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble

påvist på furugadd, og tovingen *Xlophagus kowarzii* (NT) ble tatt i fellefangst. Det er et forholdsvis høyt potensial for flere krevende arter knyttet til død ved av osp og gran. Stedvis er det også et visst potensial for markboende sopp på lågurtmark.

De fleste påviste artene er knyttet til skog med en viss kontinuitet. Foruten ask (VU) er hårkjuke *Funalia trogii* (VU) og ospehvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) påvist på osp, og rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT) og gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) er vanlig forekommende på gran. I tillegg ble grønnsko *Buxbaumia viridis* (NT) og sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT) påvist flere steder, blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble påvist på furugadd, og tovingen *Xlophagus kowarzii* (NT) ble tatt i fellefangst. Det er et forholdsvis høyt potensial for flere krevende arter knyttet til død ved av osp og gran. Stedvis er det også et visst potensial for markboende sopp på lågurtmark.

Området Nestjønn vurderes samlet som regionalt verneverdig (**).

Området Nestjønn oppnår middels mangeloppfyllelse som følge av over 30 daa gammel lavlandsgranskog i sørboreal sone som har middels udekket vernebehov i fylket. Området oppnår middels mangeloppfyllelse som følge av over 25 daa lavlandsskog, høybonitets-skog og biologisk gammel skog i sørboreal sone. Området Nestjønn oppnår samlet middels mangeloppfyllelse.

Statsforvaltarens vurdering er at verneforslaget Nesfjellet har regional verdi (**) samla sett.

Når det gjeld økologisk nettverk så ligg det fleire verneområde og tilbudsområde både nord og vest for Nesfjellet. Dei næraste ligg nord for Seljordsvatnet, frå 2-4 km. unna (Heggeneset, Skriuva og Hønsejugvet). I dei område er det i hovudsak andre naturtypar og artsinventar enn i Nesfjellet, slik at ein kan ikkje forvente at det vil skje artsspreiing mellom Nesfjellet og områda nord for Seljordsvatnet. I vest ligg det store verneområdet Brokefjell (utvida i 2025) som har meir liknande naturtypar, men avstanden er meir enn 4 km unna. Moglegheit for artsspreiing er difor mindre mellom desse to områda.

Tabell 1. Viser oversikt over raudlista artar (sopp, lav, mose, karplantar og insekt) innanfor tilbudsområde Nesfjellet. Henta frå Artskart 16.10.25. Vi har prioritert å vise dei nyaste funna.

Norsk navn	Vitenskapelig navn	Artsgruppe	Kategori	Funndato
Blanknål	<i>Calicium denigratum</i>	Lav	Nær truet (NT)	29.09.2020
Furustokkjuke	<i>Phellinus pini</i>	Sopper	Nær truet (NT)	02.10.2019
Grønnsko	<i>Buxbaumia viridis</i>	Moser	Nær truet (NT)	29.09.2020
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Lav	Nær truet (NT)	29.09.2020
Hare	<i>Lepus timidus</i>	Pattedyr	Nær truet (NT)	18.04.2020
Ospehvitkjuke	<i>Antrodia pulvinascens</i>	Sopper	Nær truet (NT)	29.09.2020
Rosenkjuke	<i>Fomitopsis rosea</i>	Sopper	Nær truet (NT)	29.09.2020
Rynkeskinn	<i>Phlebia centrifuga</i>	Sopper	Nær truet (NT)	02.10.2019
Sprikeskjegg	<i>Bryoria nadvornikiana</i>	Lav	Nær truet (NT)	29.09.2020
Svartsonekjuke	<i>Phellinus nigrolimitatus</i>	Sopper	Nær truet (NT)	09.09.2010
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Karplanter	Sterkt truet (EN)	09.09.2010
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Karplanter	Sterkt truet (EN)	02.10.2019
Hårkjuke	<i>Funalia trogii</i>	Sopper	Sårbar (VU)	09.09.2010
Rimnål	<i>Chaenothecopsis viridialba</i>	Lav	Sårbar (VU)	02.10.2019
	<i>Xylophagus kowarzi</i>	Tovinger	Sårbar (VU)	16.07.2020

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det går ein traktorveg inn i området i søraustre del. Ellers er det ingen kjende tekniske inngrep.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Det er gjennomført høyring for kvart enkelt område. Bjønneholun blei sendt på felles høyring med ti andre område. Difor er dei lokale mottakarane som er lista opp nedanfor langt fleire enn dei som gjeld for Seljord. Fleire mottakarar er dei same i dei to høyringane, men vi har valt å gje att kven som fekk høyringsdokumenta under høyringa av Bjønneholun og Nesfjellet kvar for seg.

Høyringa for Bjønneholun blei sendt på høyring til grunneigare, Drangedal skogeierlag, Drangedal JFF, Drangedal og Tørdal bondelag, DE Nett AS (tidl. Drangedal Everk AS), Fyresdal turlag, Fyresdal JFL, Fyresdal skogeigarlag, Fyresdal Bondelag ved Hans Christian Jørgensen, Grenland friluftsråd, Hjartdal Elverk AS, Holla bondelag, Holla JFF, Lunde JFF, Lunde og Flåbygd Bondelag, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Kviteseid bondelag, Kviteseid turlag, Nome skogeigarlag, Seljord skogeigarlag, Seljord JFL, Seljord turlag, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, BirdLife Telemark (tidlgere NOF Telemark), Telemark Energi AS, Telemark turistforening, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Tinn Energi, Statens Vegvesen Region Sør, Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Sør, Føre AS, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Orienteringskrets, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening og Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådene Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge.

Nesfjellet blei sendt på felles høyring med sju andre områder. Difor er dei lokale mottakarane som er lista opp nedanfor langt fleire enn dei som gjeld for Seljord.

Høyringa for Nesfjellet blei sendt på høyring til grunneigare, Telemark fylkeskommune, Seljord kommune, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Kviteseid Turlag, Nissedal JFL, Nissedal skogeierlag, Havrefjell turlag, Seljord skogeigarlag, Seljord Turlag, Fyresdal skogeigarlag, Fyresdal Turlag, Notodden JFF, Notodden Turlag, Naturvernforbundet i Øst-Telemark, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Birdlife avdeling Indre Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Norge, avdeling Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS, Notodden, Telemark Nett

AS, Stannum AS, DE Nett AS, Småkraft AS, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Aust-Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Vegdirektoratet og Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Statsforvaltaren sendte først ut høyring på Bjønneholun i slutten av januar i 2022. Difor sumerar vi opp uttalene frå den høyringa før vi sumerar opp uttaler for Nesfjellet, som var på høyring i slutten av oktober 2024.

Høyringsuttaler for Bjønneholun

Det kom inn seks høyringsuttaler til verneforslaget.

Forsvarsbygg seier at dei registrerer at dei generelle unntaka frå ferdselsføresegnene inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og avgang og landing med Forsvarets luftfartøy. Elles har dei ikkje ytterlegare merknader til verneforslaget.

BaneNOR seier at området ikkje vedkjem jernbanens interesser og har ingen merknader til verneplanen.

Landbruksdirektoratet har gitt noen generelle innspill som omhandler traktorveger og ferdselsveger, og merking og rydding av slike, støler/seterområder, beiting og reindrift. Vidare seier dei følgjande: «*Utforming av forskrift*

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.»

Landbruksdirektoratet skriver vidare at de går ut fra at Statsforvalterens landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan.

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) seier i sin uttale at så langt dei kjenner til er det ingen energi- og vassdragsinteresser i området Bjønneholun. Dei gjentek det same i ein seinare uttale til høyringa.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) skriv at tre av områda som var på felles høyring kjem i kontakt med mineralske ressursar eller bergrettigheter. Bjønneholun er ikkje eit av desse.

Desse instansane kom med uttale til oppstartsmeldinga for Bjønneholun:

Skagerak Energi (Kraft) AS uttaler at dei vil bemerke at det er viktig at denne type saker blir underlagt grundige sakshandsamingsprosessar og at alle involverte interessentar gis anledning til å uttale seg. Resten av deira uttale handlar om andre verneforslag.

Språkrådet skriv at *Bjønneholun* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.

Statkraft Energi AS skriv at dei ikkje har innvendingar til det varsla skogvernet, men at det er viktig for dei at interesser og rettigheter i forhold til vannkraftanlegga blir ivaretatt på ein forsvarleg og god måte, både når det gjeld avgrensning av verneområdet og om nødvendig også i verneforskrifta.

BirdLife Norge avdeling Telemark uttaler følgjande:

«Kartlegging av fuglelivet i foreslåtte verneområder

Vi er opptatt av at kartleggingsprosessen frem til endelig vern av skogsområder må inkludere kartlegging av fuglelivet i de aktuelle områdene. En gjennomgang av tidspunktene for kartleggingene av de aktuelle områdene i denne saken viser at et klart flertall skjer fra september til november. Noen få i august og én i juli. Flere arter av trekkfugl har allerede dratt fra landet i september. På sensommeren og høsten er det i tillegg mange fuglearter som ikke gjør så mye av seg eller til og med har flyttet seg ut av hekkeområdene, og disse kartlegges dermed best på senvinteren eller våren.

Et eksempel for å vise mangelfull kartlegging av fugl er rapporten fra Modalen i Tokke kommune. I løpet av 7 feltdager så var det enten ingen fuglearter som ble observert eller ingen som var viktige nok til å bli nevnt.

Et annet aspekt er at når man har feltarbeid for å påvise en del av de andre artsgruppene, så som lav, sopp, karplanter og biller, så krever dette så stor oppmerksomhet at det ofte kan bli vanskelig å få med seg det fuglelivet som må være i området med mindre man har dedikert personell til stede.

Om frivillig vern av skog

Sett bort i fra mangelfull kartlegging av fugleliv er BirdLife Telemark positive til frivillig vern av skog. Men det betyr ikke automatisk at alle områdene som blir foreslått for vern er like godt egnet til dette vernet.

Det er viktig at de områdene blir satt av til frivillig vern er av en slik verdi at det føles viktig å verne områdene. Når det er et mål at 10% av skogen i landet vårt skal vernes så er det viktig at skogen har stor nok verdi til å forsvare et vern, og at resurser ikke går med på vern av områder som er av lav verdi for biologisk mangfold.

Ettersom grunneiere får kompensasjon for å avgi et område til frivillig vern samt at det finnes begrensede midler til dette, så bør man også være tilbakeholdende med å verne områder uten så store verneverdier.

Forslag i forbindelse med verneplanarbeidet

BirdLife Telemark foreslår at de områdene som kun har lokal verneverdi (område 3, 5, 8, 9, 21 og 25 går ut av planene for frivillig vern og at de midlene som skulle blitt brukt til dette heller brukes ved en annen anledning når man får tilbud om områder som har høyere verneverdi.

Videre forslår vi at områdene som har regional verneverdi blir fredet. Først og fremst innenfor de områdene som kartleggerne har vurdert som verneverdig, men i tillegg at man også tillater at et område rundt blir vernet som en fornuftig buffersone for de verneverdige områdene. Dette gjelder områdene; 2, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23 og 27. Samtlige av de foreslåtte områder som har nasjonal eller internasjonal verneverdi bør bli vernet innenfor de rammene som er lagt. Optimalt sett bør vern også på sikt innebære redusert omfang av jakt, spesielt på rødlistede arter.»

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (brev datert 15.12.21) uttaler følgende:

«Generell kommentar til verneplanarbeidet

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforslaga som nå ligg ute, viker i påfallande grad frå fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderingar er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle betydeleg meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må leggje vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndigheitenes vernearbeid fagleg sett er forsvarleg.

Avsluttande merknader

Naturvernforbundet i Midt-Telemark meiner at fleire interessante og viktige område i denne prosessen er blitt føreslåtte for vern, men me ser også med ei viss bekymring på tendensen til å inkludere større areal med liten eller ingen verneverdi i dei ulike forslaga.»

Statnett har ikkje transmisjonsnettanlegg som blir råka av planane og har difor ikkje merknadar.

Høyringsuttaler for Nesfjellet

Det kom inn åtte uttaler til høyringa.

Statnett har ingen merknadar til verneforslaget.

BaneNOR har ingen merknadar til verneforslaget.

Språkrådet har ingen merknadar til namnet og syner til uttala til oppstartsmeldinga.

Lede AS skriva at dei ikkje har områdekonsesjon eller anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon i Seljord kommune og ber Statsforvaltaren om å ta kontakt med gjeldande områdekonsesjonær Telemark Nett AS for uttale. Lede AS skriv at dei ikkje har planar om utvikling av regionalnettanlegg nær det føreslegne området.

Statkraft Energi AS har ikkje uttalt seg til Nesfjellet.

Telemark fylkeskommune seier følgjande i si uttale til høyringa:

«Vilt og fisk

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at verneforslaga vil berøra regionale vilt- og fiskeinteresser negativt.

Kulturarv

Innanfor områda er det ikkje kjente nyare tids kulturminne av nasjonal verdi. Det kan likevel vere viktige kulturminne av lokal verdi som fylkeskommunen ikkje har kjennskap til. Kommunen som har forvaltningsansvaret for kulturminne som ikkje er freda, må gjere ei vurdering av dette.»

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har ikkje merknadar til verneforslaget.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv at dei ikkje kan sjå nokon energiinteresser innanfor Nesfjellet. Dei skriv at Telemark Nett AS er områdekonsesjonær og ikkje har kommentert på verneforslaget.

Desse instansane kom med uttale til oppstartsmeldinga for Nesfjellet:

Landbruksdirektoratet har kome med uttale som er den same som dei kom med under høyringa av Bjønneholun. Den kan lesast ovanfor.

Naturvernforbundet i Øst-Telemark har kome med uttale til dei områda som ligg innanfor deira lokallags dekningsområde. Nesfjellet er ikkje blant dei.

Forsvarbygg ser ingen konflikhtar med området. Dei ber om at det generelle unnataket for militær operativ verksemd og unnataket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy tas inn i forskriftstekstene for dei andre områda.

Statsforvaltarens kommentarar:

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela deira i verneforskrifta.

Når det gjeld Lede AS som ber om at Statsforvaltaren tek kontakt med gjeldande områdekonsesjonær Telemark Nett AS for uttale, kan vi seie at dei fekk tilsendt høyringa, men ikkje kome med uttale.

I forhold til uttala frå BirdLife Norge avdeling Telemark som ønskjer kartlegging av fugl i områda som inngår i oppstartsmeldinga frå oktober 2021 vil vi seie at fugl ikkje inngår som ein fast del av kartleggingsoppdraget som konsulentfirma utfører (kartlegginga følgjer metodikken i handbok 13 frå DN). Dette forklarar kvifor det kjem fram lite eller ingen kunnskap om fuglar i dei biologiske kartleggingane som vert gjennomførte som del av verneprosessen. I nokre tilfelle har Statsforvaltaren sjølv kunnskap om fuglelivet i tilknytning til tilbodsområde, som då vert synleggjort i høyringa for det enkelte området. Dette kan i nokre tilfelle føre til at område med eksempelvis lokal verneverdi (*) vert heva til ein høgare verneverdi. Statsforvaltaren er i prinsippet samd med BirdLife Telemark i at kartlegginga av fugl burde vore ein fast del av kartleggingane. Frå 2021 vert likevel alle område kartlagde etter den nye NiN-metodikken.

Når det gjeld kommentarane frå Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT), vil Statsforvaltaren peike på at arronderinga av det som er føreslått verna, ikkje er endeleg fastsett. I den grad det finst hogstflater og plantefelt innanfor verneforslaget, vil desse i dei fleste tilfelle bli utelatne fram mot vernevedtaket. Vernearealet vil såleis bli endra. Årsaka til dette er todelt: For det fyrste vil grunneigar ikkje få særleg utteljing for slike areal i erstatningssamanheng, og for det andre er slike areal lite eigna til vern grunna manglande biologiske verneverdiar på vernetidspunktet.

Når det er sagt, er formålet med skogvern framtidsretta, noko som inneber at vernet må vurderast i eit hundreårsperspektiv. Det betyr at også slike areal på sikt kan utvikle større biologisk mangfald. I nokre tilfelle har Statsforvaltaren supplerande kunnskap utover det kartleggaren har rapportert. Dette kan føre til at kartleggaren sitt forslag til verneverdig areal ikkje alltid samsvarer med det som faktisk vert føreslått verna.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Nesfjellet som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvalteren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget.

Verneforskrift

Det er gjort endringar i verneføremålet i forskrifta § 1 etter høyring slik at den er tilpassa Miljødirektoratet sin forskriftsmal. Det er og gjort andre tilpassingar i forskrifta etter høyring.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift som føreslege, og med vernekart i samsvar med høyringsforslaget.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Nesfjellet, Seljord

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner